



Nei

til kommunesamanslåing
med Tysvær



Møtte kongen! - s. 3

Vegen vidare - s. 4

Populær sti - s. 14



BOKN BYGDABLAÐ

Nr. 5 juni/juli 2016 – Årg. 31



KJEKT PÅ  BOKN



private aktører nå vil bidra med. Foreløpig er det 6 selskap som har gått inn sammen med kommunen, og

flere ønskes velkommen. Er det noen som driver innen segmentet og ønsker å delta kan de kontakte kommunen for mer informasjon. Det vil også komme mer om dette i Bygdabladet.

Vi ser frem til at selskapet blir en av de byggesteinene Bokn trenger for å få en bærekraftig boligutvikling i kommunen. Selskapet har et solid styre med meget bred erfaring med Arne Bergsvåg som styreformann, Lars S. Alvestad, Martin Laurhammar, Bernhard Våge og Olav Askeland er styremedlemmer. Daglig leder er Morten Helland. Vi gleder oss å se resultatene av Bokn tomteselskap AS sitt arbeide.

Åpning, Bokn Arena

Bokn Arena åpnes med stor festivitas den 1. oktober. Foruten at hallen selvfølgelig skal høytidelig åpnes, er dette en dag hvor alle lag, organisasjoner og privatpersoner inviteres til delta i åpningsarrangementet med opptrædener og fremvisning. Det blir en kjempeflett dag hvor alt vi har av kultur-, idretts- og annet liv i Bokn skal vises frem. Har du noen gang tenkt å vise frem ditt lag, din organisasjon eller det du liker å holde på med, er dette dagen du må bli med.

For de som ikke allerede har meldt seg på for å bli med i programmet må de ta kontakt med kultursjef Jar-

dar Havikbotn, jar-dar.havikbotn@bokn.kommune.no.

Er det noen som gruer seg litt til å opptre, eller lurer på om de skal bli med kan jeg si at dette skal bli kjempeprosjekt og at de bare må ta kontakt så ordner alt seg. Arrangementet vil foregå fra kl. 12.00 og utover hele dagen og kvelden, og kanskje også litt av natten, med fullt program hele tiden. Vi gleder oss til 1. oktober.

Frivillighetsfondet

Det har til nå vært 5 søknader til frivillighetsfondet som ble etablert i budsjettet for 2016. Alle har fått midler.



Arne Hosaas fikk KS Hederspris 21. juni.

Foto: Kari Christensen

Bokn kommune er veldig takknemlig for den jobben som blir gjort av de frivillige lag og organisasjoner på alle plan. Frivillighetsfondet ble etablert for at frivillige organisasjoner og lag som har spesielle småprosjekter som er med på å styrke boknsamfunnet kan søke om å få finansiert inntil 1/3 av kostnaden gjennom dette fondet. Maksbeløpet per søknad er satt til kr 20 000,-.

Bevilgningen fra kommunestyret er et engangsbeløp på 100.000,- og fondet fungerer så lenge det er midler. Søknaden krever en kort beskrivelse av prosjektet, og et enkelt budsjett.

Søknadene blir behandlet fortløpende i den rekkefølge de er kommet inn og skal ha kort saksbehandlingstid.

Frivillighetsfondet administreres av ordfører sammen med gruppeledere.

Det er fortsatt penger igjen på fondet og ingenting er kjekkere enn om disse midlene kan omgjøres til flotte tiltak for frivilligheten.

Vi gleder oss sammen med alle andre i Bokn over all den flotte aktiviteten frivilligheten i Bokn bidrar med, og ser frem til at resten av frivillighetsfondet kan brukes til å stimulere denne aktiviteten ytterligere.

Nå er vi midt i den herlige sommertiden med lyse kvelder og velfortjente ferier.

Ønsker alle en fortsatt fin sommer og god ferie.

Hilsen ordføreren

Kjære boknerar

KS Hederspris

I kommunestyret 21.06 ble KS Hederspris delt ut. Hedersprisen gikk til Arne Hosaas for tjenestefull og samfunnsgavnlig tjeneste i Bokn kommune gjennom 28 år. Å få tildelt prisen krever at man har vært med i 24 år. Arne Hosaas har vært med i kommunestyret i 6 perioder. I sin tid i politikken har han vært med i en rekke utvalg og innehatt en rekke posisjoner.

Arne har vært med i kommunestyret, formannskapet, forvalningsstyret og i skolestyret. Han var mangeårig leder av forliksrådet og var leder av forbruksnemda. Arne Hosaas var varaordfører i to perioder.

I den tiden Arne har vært med i politikken har det skjedd mye i Bokn. For å nevne noe fikk Bokn fastlandsforbindelsen -91, og vel 20 år etter dette startet planleggingen av Rogfast opp for alvor. Skolen fikk ny avdeling, med ungdomstrinn, auditoriet og bibliotek. Det ble bygget ny barnehage, og barnehagen fikk senere påbygg. Sykehjemmet ble utvidet og det ble bygget omsorgsboliger.

Etter 28 år med i politikken vil jeg takke Arne Hosaas for engasjementet for Bokn, og ønske lykke til med pensjonisttilværelsen.

Bokn Tomteselskap

Bokn tomteselskap AS ble etablert den 29.06.16. Selskapet er et samarbeid mellom kommunen og næringslivet og har som formål å legge til rette for utvikling og salg av arealer for boligbygging og næring samt annet som naturlig hører til dette. Selskapet sin virksomhet skal foregå innenfor Bokn kommune sine kommunegrenser. Denne utviklingen har tidligere stort sett vært utført av kommunen, noe som fremover ville vært krevende både økonomisk og personellmessig. Slik utbygging krever kapital og kompetanse, noe som

Møtte kongen!

Ida Havikbotn



Helste på kongen: fv. Anette Våga, Anita Kro, Øyvind Ognøy, Jan Erik Nygaard, Leiv Våga, Tormod Våga, Else Nilssen, Else Kristine Nilssen og Lene Vatnaland.

27. juni reiste ni boknarar til Stavanger for å delta på 25 års-jubileet til kongeparet. Arrangementet var på Ledaal der kongen har sitt residens.

Bokn kommune fekk sende ni personar som skulle representere kommunen. Blant dei personane var det både kjønnsbalanse og aldersbalanse fordi kongeparet ville treffa eit utval av befolkninga.

Selskapet byrja med at dei blei registrerte inn for så å vente til kongeparet kom. Deretter var det talar og underhaldning, mat og mingling i hagen på

Ledaal. Alle gjestene fekk helsa på kongen, dronninga og kronprinsparet. Kongen handhelste på alle. Dei som var litt frampå fekk også handhelse på dronninga og kronprinsparet.

Veldig bra program

Ordførar Tormod Våga syntest at det var eit fint og variert program.

- Det var tale frå ordføraren i Stavanger, tale frå kongen og ein ungdomsrepresentant frå Sauda som heldt eit glimrande innlegg om korleis det var å vere oppvaksen i Sauda. Det var også lokale kunstnarar som framførte ei-

genprodusert musikk, m.a. Idol-vinner Marius. Det var også danseoppdrinn med både lokale musikarar og dansarar, seier ordførar Tormod Våga.

I talen til kongen snakka han generelt om Rogaland, og framheva spesialitetane til fylket. I tillegg gjekk han rundt og helste medan han snakka om daglegdagse ting.

Alle som var med syntest det vareldig kjekt.

- Dei vil nok ikkje vaske hendene sine på ei stund nå, smiler ordførar Tormod Våga.



Folkerøystinga og vegen vidare

Ida & Jardar Havikbotn

I folkerøystinga 20. juni om Bokn og Tysvær skal gå saman til ein kommune frå 2020, blei resultatet følgande:

- Av 682 røysteberettiga gjekk 431, dvs. 63,2 %, til valurnene.
- 75 % røysta nei og 25 % røysta ja til samanslåing av kommunane.

Kva vil dette bety for Bokn kommune framover, rådmann Jan Erik Nygaard?

- Inntekta vår blir redusert med i alt 3,5 millionar kr, frå 65 millionar til 61,5 millionar.

Ein grafikk han har laga viser at dette slår ut med 4.032 kr. pr. innbyggjar, og det er ingen andre kommunar i Rogaland som ligg i nærleiken av eit så stort tap som det Bokn får. Kvitsøy ligg nærest oss med eit tap på 2.818 kr. pr. innbyggjar, og Bjerkheim med tap på 2.482 kr. pr. innbyggjar.

Kva kjem dette av?

- Det er pga. at vi mistar basistilskotet, altså får me redusert eit basistilskot på 764.000 kr. i tillegg til at vi får halvert småkommunetilskotet. Medan dei andre kommunane enten ikkje har småkommunetilskot eller så får dei ikkje like mykje reduksjon i basistilskotet som oss. Småkommunetilskotet vil ligge på 2,7 millionar, medan det i dag ligg på 5,6 millionar. Bokn kommune får veldig mykje i småkommunetilskot.

- Eg har også prøvd å berekne kva for ein verknad dette vil ha for oss. Det er noko som heitar ingar og det er inntektsgarantiordninga. Det vil seie at ingen kommunar skal ha eit større frådrag enn 300 kr. pr. innbyggjar i tap. Eksempelvis vil vi, med eit innbyggjartal på 900 tape 273 000 kr. pr. år. Men det første året vil vi tape 600 000 kr. også blir det fordelt deretter. Det vil seie at vi går ned 600 000 kr. i 2016,

så blir det 400 000 kr. og så 300 000 kr. I løpet av 10 år har me mista heile beløpet.

Vil dette gjere seg gjeldande på tenestetilbodet?

- Ja, det vil det gjere, men me vil prøve å ta det der du merkar det minst. Me har jo inngått ein samarbeidsavtale med Karmøy kommune og den avtalen seier at me kanskje skal sjå på kommunalsaksbehandling, byggesaksbehandling, reguleringsplanar og planarbeid i kommunen. Det kan vere kommunale ledelsesoppgåver innan helse, skule, barnehage og teknisk. Og det er tenester innan teknisk og økonomi, spesifisert til helse- og omsorgsfunksjonar.

Jan Erik Nygaard fortel også at samarbeidsavtalen med Karmøy vil kunne føre til at nokon tilsette i Bokn kommune vil kunne få nye arbeidsoppgåver, ny arbeidstad og ny arbeidsgivar. Når det gjeld innbyggjarane i kommunen vil det også kunne bety at oppgåvene vil bli løyste i Karmøy kommune, og dermed må vi henvise oss til Karmøy kommune for å få løyst dei oppgåvene. Det vil kunne vere i forhold til fks. ein reguleringsplan som skal behandles, at ein må kontakta Karmøy dersom ein skal bygge om huset eller bygge nytt. Samarbeidsavtalen med Karmøy kan føre til billigare og betre tenester for oss i Bokn.

Reduksjon i driftsbudsjettet på 5,1 mill.

Rådmannen har konkludert med at konsekvensen det første året blir over 600 000 kr. Nå har vi ein million i skjønnsmidlar som vi også kjem til å miste. Det vil seie at det første året må me redusere utgiftene våre, eller auke inntekta vår med 1,6 millionar kr. Deretter kan du seie det at for å få rett



Kva blir konsekvensane av at 75% av dei så stemde 20. juni, røysta nei?

balanse i budsjettet vårt - pr. i dag har me 0 i overskot - må me eigentleg opp med 1,6 millionar kr. for å forbetre driftsresultatet og ha ein fridom vidare. Summen av dei to; me tapar alt i alt 3,5 millionar kr, også må me forbetre resultatet med 1,6 millionar kr. Det betyr at vi må redusere driftsbudsjettet vårt med 5,1 millionar kr.

Dersom me ikkje får inntekt på andre måtar som f.eks. eigedomsskatt?

- Det stemmer. Då kan du seie at nødvendig innsparing frå 2017 er på 3,2 millionar. Resultatet er 3,2 millionar allereie frå 1. januar 2017. Då vil halve beløpet skuldast at me må forbetre budsjettet, og det måtte me tatt uavhengig av det nye inntektssystemet.

Det han ser kan vere mulige innsparingsstiltak er å redusere ikkje-lovfesta oppgåver. Dette kan nesten vere alle mulige oppgåver utanom rådmannsjobb. Rådmannstillinga er den einaste lovbestemte stillinga me har og det betyr at i prinsippet vil me kunne sjå på alle stillingane.

- Samarbeid med Karmøy kommune og anna interkommunalt arbeid er noko vi kan spare pengar på, og redusere kvalitet og kapasitet på dagens oppgåver som me løyser, seier han.



Rådmann Jan Erik
Nygaard.

**Er det snakk om
å innføre eige-
domsskatt på
bustad og
hytter?**

- Ja. Eg har då sagt at me kanskje kan spare 2 millionar på eigedomsskatt, 1,1 millionar kr. på ikkje-lovfesta oppgåver, 0–2,5 millionar kr. på samarbeid med Karmøy kommune, og 750.000 kr. på kvalitet og kapasitet. Etter sommarferien må me starta opp arbeidet med å gå gjennom vår eigen organisasjon, både politisk og administrativt og ha dei tillitsvalte med oss. Me må halde fram med samtalane med Karmøy kommune for å finne ut

av kva det betyr, også må me begynne å utrede dette med eigedomsskatt. ikkje hadde hatt den eigedomsskatten.

Trur du nokon vil angre på at dei sa nei til Tysvær når dei får vite konsekvensane?

- Ja, det vil vel kanskje vere nokre som ikkje hadde trudd at det ville få desse konsekvensane; at vi må ta inn 3,5 millionar på ti år, i tillegg forbetra budsjettetsituasjonen med 1,6 millionar - eit totalbeløp på 5,1 millionar.

- Alle tenker vel som så at 300 000 kr. pr. år ikkje er så mykje, men det betyr i prinsippet at vi må redusere ein stilling anna kvart år samtidig som du gjerne vil få auka oppgåver. Pr. i dag har Bokn kommune ca. ni millionar kr. meir i eigedomsskatt enn andre kommunar har, frå Kårstø. Me burde kunne drive Bokn kommune sjølv om me

Vidare behandling

Kommunestrukturen skal opp til behandling av Fylkesmannen, som kjem til å presentere innstillinga si 27. september. Innan 1. oktober skal Fylkesmannen sende tilråinga si til Kommunaldepartementet. Så kjem dei til å lage ein kommune- proposisjon om ny kommunestruktur i løpet av våren 2017.

Sommarjobb for ungdom

Jardar Havikbotn

Denne sommaren er sommarjobbsamarbeidet mellom kommunen og næringslivet tilbake, etter å ha hatt pause sidan 2012.

15 ungdommar har sommarjobb dette året; tre frå vgs og resten frå ungdomsskulen. På grunnlag av alder har nokon fått jobb i to veker, andre ei veke.

Frå næringslivet nyttar MS Håflu, Grieg Seafood Rogaland avd. Bokn, Jens Morten Vatnaland, Coop Marke Bokn og HighComp AS seg av ordninga. I Bokn kommune er jobbanne fordelte i barnehagen, sjukkestova, teknisk og Bokn Bygdablad.



Ida Havikbotn (**bildet**) har vore i bygdabladet og gjort sine saker svært bra. Ho har jobba med både nettutgåva og papirversjonen. I sistnemnde fekk ho med seg både innspurten av juninr., heile julinr. og

nokre forberedinger av augustutgåva. Arbeidet har vore variert, med stikkorda intervju, fotografering og tekstdredigering. Og som alltid når eg har ungdommeleg sommarhjelp, snappar eg opp gode tips om effektivisering av arbeid på data.

Visekonsert med Torolf og Oskar Nordbø/Humorshow med Han Innante

Han Innante, Torolf Nordbø og sonen Oskar Nordbø er for tida på sommarturne med visekon-

sert og humorshow. Dei kjører også litt immitasjonsquiz med eigne cd-ar som premiar.

Oskar Nordbø er visesongar, gitarist og låtskrivar. Han er også låtskrivar, songar og gi-

tarist i folkrockgruppa: "Georgia Follett i Oslo. For tida går han må musikkhøgskule i hovudstaden.

Han har henta inspirasjon fra sjangarar som folk, bluegrass, americana, country og rock, og

skriv både tekst og melodi sjølv.


Programmet skal gje publikum triveleg sommarstemning med mykje latter.

9. aug. i Auditoriet.

Bokn Bygdablad for 25 år sidan

FRÅ NR. 5 1991

BOKNAVEKA 23.-29.JUNI



I samband med at Kyststamvegen gjennom Bokn vert åpna, og ferjetrafikken Bokn - Randaberg vert sett i drift den 26. juni, skal dette markerast på mange vis.

Programmet ser slik ut (med forbehold om endringar):

Søndag 23.juni arrangerer Bokn skulemusikkorps Boknafestival. Dette er som vanleg ei mønstring av musikkraftene i kommunen og innbudne gjester.

Søndag kveld arrangerer Bokn Røde Kors St.Hans - fest med bål. Dette vert eit familiearrangement som skal foregå i friluft. Det er ikkje endeleg avgjort kor det skal vera.

Måndag den 24. juni har Bokn Brass premiere på revyen LANDFAST.

eller prinsessa som blir med Kongen til Bokn.

Etter at Kongen er reist frå Arsvågen kl. 14.45 blir det frå kl. 16.00 - kl. 18.00 utstillingar og matsal ved Bokn skule. Det blir også underholdning av m.a. Haugaland Trommekorps.

Fra kl. 18.00 - kl. 20.30 blir det folkefest i telt på skuleområdet. Her blir det lokal underholdning bunde saman av løgnasen Per Inge Torkelsen.

Torsdag 27. juni vert det igjen revy.

Onsdag den 26. juni på vegåpningsdagen skal Vegvesenet ha lunch for 150-200 gjester ved Bokn skule frå kl.11.30 -kl.13.00 Den 26.juni er sjølve dagen kor det heilt store skal foregå. Då vert det offisiell åpning av Kyststamvegen på Arsvågen ferjeleie v/ HM Kong Harald V. Dette skal skje i tidsrommet frå kl. 14.10 - kl. 14.45 i Arsvågen.

Før dette skal HM Kongen besøkja Boknatun, kor det vert eit kort arrangement frå kl.13.30 - kl. 14.00 i Allrommet med besøk ved Bokn sjukestove.

Det er ennå ikkje bestemt kven som skal overrekka Kongen og kronprins eller prinsesse blomar, men det blir to barn frå Bokn i 8-9 års alderen.

Det er heller ikkje heilt avgjort om det er kronprisen

Fredag 28. juni vert det BARNAS DAG og revy om kvelden.

Feiringa blir avslutta laurdag den 29. juni med Firebruersløpet og Bruamarsjen arrangert av Bokn Idrettslag og Rogaland Vegvesen.

Det vil bli sendt ut nærmare detaljert program for FESTVEKA seinare.

Når det gjeld Firebruersløpet og Bruamarsjen viser ein til brosjyre med påmeldingsslip som i desse dagar vert å finna i postkassane i Bokn og fleire nabokommunar.

Omsetning av eigedomar i Bokn

Kjelde: Statens kartverk

Gnr 3, bnr 67 er overdradd fra Arne Øvrebø til Mona Våga (02.06.2016)

Gnr 19, bnr 73 er solgt for kr. 5.000 fra Leif Ragnvald Våge til Martin Gunlev Eikeskog (02.06.2016)

Alvestadkroken 25 (Gnr 11, bnr 114) er solgt for kr. 1.500.000 fra Einar Vatnaland til Magnus Bendiksen (06.06.2016)

Gnr 16, bnr 14 er solgt for kr 550.000 fra Ingri Are og Cruz Joao Pedro Cortinhas til Tone Sissel Andreassen og Karl Johan Davidsen (22.06.2016)

Arsvegen 399 (Gnr 16, bnr 11) er overdradd for kr 197.460 fra Ingri Are til Dag Haaland og Laila Haaland (29.06.2016)

Hognaland Hytteområde 10 (Gnr 17, bnr 30) er overdradd fra Jakob Hognaland til Torunn Hognaland (29.06.2016)

Hognalandsvegen 95 (Gnr 17, bnr 3) er overdradd fra Torunn Hognaland til Anne Hognaland, Terje Hognaland, Randi Hognaland Nilssen og Agnes Hognaland Sæbø (29.06.2016)

Overdragelsen omfatter også Hognaland Hytteområde 10 (Gnr 17, bnr 30)



Kartverket

St. Hans

Ida Havikbotn

Tradisjonen tru arrangerte speidara-ne St. Hans-feiring på Alvestad nær-miljøanlegg 23. juni.

Omlag 150 stk. vaksne og barn var samla på nærmiljøanlegget på St. Hans aften. Som alltid var det mange aktivitetar for barna som bl.a. taubane og bading. Den nye kunstgrasbanen var også i god bruk til fotball. Sjølv om véret ikkje blei solrikt, var det heller ikkje regn å sjå, kun masse glade menneske som grilla og koste seg.



Ordet fritt

Skit på naturstien

Naturstien vår på Bokn har alltid vore ei svært grei rute å gå dersom ein ynskjer ein fin tur med mykje natur, men nå er turstien i ferd med å bli ein svinesti.

Turstien har vore ei av mine faste ruter i mange år, men i år er stien prega av svært mykje avføring. Det går store dyr i veggen på nokre område, i tillegg til at ein steingard ligg nede og tillet sauene inngang til stien. Dette fører sjølv sagt med seg mykje drit ettersom stien blir toalettet til dyra. Sjølv prøvar eg å rydde litt då eg spaserer ved å sparke bort skiten, men han kjem stadig tilbake.

Som hundeeigar er det endå meir frustrerande å vandre på turstien. Eg har to bein og klarar fint å gå forbi

alle ekskrementa som ligg rundt omkring, men det er verre for ein firbeint skapning som dessutan er veldig nysgjerrig på kva som ligg på bakken. Å møte på dei store dyra er heller ikkje særlig betryggande ettersom ein ikkje kan vite korleis dei reagerer på blant anna bjeffing og uling frå hunden. Det er store dyr som du skal ha respekt for!

Det er synd at store dyr skal hindre folk i å gå på den flotte turstien. Eg har hørt om folk som har snudd i byrjinga av stien fordi dei møter på dei store dyra. Det er ikkje alle som klarar å gå roleg forbi dyra der dei går fritt. Som turgåar har du heller ikkje spesielt kjennskap til dyra og det kan virke svært skremmande for nokre folk.


Det er ikkje snakk om eit stort område der ein må forbi desse store dyra

eller trakk i saueskit, men man må likevel forbi dette partiet som dessutan er eit av startpunktene for den offisielle *Turstien* – ein del av Tellturordninga til Friluftsrådet Vest.

Som tiltak burde den nedrasa steingarden byggjast opp igjen slik at sauene ikkje kan valse fritt på stien og gjere ifrå seg kor enn dei vil. I tillegg ville det vore fint med eit gjerde på strekninga der dei store dyra held til slik at folk kan føle seg trygge når dei skal gå turstien.

Det skal vel ikkje vere slik at ein ikkje kan få gå ein tur utan å måtte gå i drit eller snu pga. store skremmande dyr?

Janet Hognaland



Ny turbok

Ein lesar tipsa oss om at boka var godt moden for utskifting, og sommarvikar i Bokn Bygdablad, Ida Havikbotn, var oppe med ny bok 28. juni.

Viss nokon har ein god ide til korleis boka bør oppbevarast på kommunens høgaste topp, kan dei ta kontakt

med kulturkontoret. Mange metodar er prøvd, men det viser seg at dei relativt solide turbøkene får problem med å halda ut eitt år om gongen. I år er det nok litt spesielt pga. at postkassen byrja å skranta i vinter (blei sett opp ny 15. april), og det har nok periodevis vore svært vått oppi han.

God tur!



**Turid Hansen, født 10. februar 1924,
døde 16. mai 2016.**

Turid ble født på Trosnavåg og vokste opp der. Foreldrene var Elise og Elisæus Vatnaland. Turid var nr. seks av barneflokken på ti.

Turid valgte å reise til Sørlandet for å gå på skole og få barnepleierutdanning. Det var hennes største ønske å arbeide med barn. Etter hun var ferdig med utdanningen arbeidet hun også en tid på barnehjemmet der. Turid var også med for å passe barna til en familie fra Oslo som flyttet til



Frankrike for noen år.

Store deler av sitt voksne liv bodde hun i Danmark, der hun møtte Henry Hansen som hun ble gift med.

Turid var optimistisk og munter, hørte mye på musikk, trullet og sang, selv om hun var mye preget av leddgikt i voksen alder. Hun flyttet tilbake til Bokn en tid etter at hun ble enke.

Turid bodde i leilighet på Boknatun i mange år, men flyttet over til sykehjemmet etter at hun ble sengeligende.




Foto: Kjetil Hamre

Gudsteneste i Loten

Jan Magne Moi

Første søndag i juni er det tradisjon for gudsteneste i Loten. Solveig og Leiv Våga stiller hagen til disposisjon. Her er det

ubegrensa plass.

Ein har til vanleg vore heldig med veret, men dette året var det ekstraordinært. Sola skein og det var fantastisk flott. Aldri har Bokn hatt så flott altertavle! Det var 59

personar tilstades.

Etter gudstenesta var det grilling, kaffi og kake. Familieaktivitet som alle kunne vere med på, engasjerte. Fantastisk flott samling!



G R A T U L E R E R

R

A

T

U

L

E

R

E

R

Vi giftet oss i Tysværvåg
kirke 28.05.16.

En stor dag ble feiret ilag
med familie og venner.

Takk for all oppmerksom-
het rundt vårt bryllup.

Edith og Tor Inge Sæbø



Serie

Eg seie meg så

Birger Lindanger

Dagsenteret har teke ferie, men Andor er med. Imponerande nok greidde han alle med eit unnatak: å blinda. «Å blinda» var når nokon heldt noko bak ryggen slik at den andre ikkje såg kva hand han heldt det som skulle veljast i. Elles blei ei klampakjerre i nyare tid rekna som ei traust arbeidskjerre for hest, t.d. som ein kunne køyra ut hevd i. Men opphavleg var dette også ei kjerre med kompakte hjul – det vil seia utan spiler. Også dei fleste andre uttrykka er henta for jordbruket.

Forklaringar:

1. å blinda (har ikkje med augo å gjera) når nokon held noko bak ryggen og ein annan skal velja hand.
2. ein skåre eit område ein har slått med ljåen
3. å skora av å støtta opp
4. samsala å samla saman usortert
5. eit rodaloft loft heilt oppunder rode, høgaloft
6. eit ljåband band som festa ljåbladet til skaftet
7. klampakjerre opphavleg ei kjerre med kompakte hjul, arbeidskjerre
8. ei rega ei måke (i fjøset)
9. ei troa vassfat som fukta slipesteinen
10. ein stuttorv ljå med kort skaft

Månadens utfordringar, kva betyr

1. å sleppa tattle på seg
2. ei beina
3. dalga
4. å drypta
5. på fadlande fod
6. heise
7. å lorka
8. ein prylert
9. skitligt
10. ein lagalyr

Forslag til forklaringar kan leverast Bokn Bygdablad innan 1. august

Resultat:
Andor Borgenvik 9 poeng

Nokre av uttrykka me har med, er slike som også har vore i bruk i andre bygder medan andre er særegne for Bokn. Men dei har det til felles at dei tidlegare var i vanleg bruk i Bokn, men er i dag i ferd med å bli trengd ut av bymål og hovudstadsmål Avslutningsvis vil «Eg seie meg så»-redaksjonen ynskja lesarane ein retteleg god ferie i håp om at de også tek dykk tid til å notera gamle ord og uttrykk frå Bokn.

Kulturkalenderen

I 20 år har kulturkontoret og Bokn Bygdablad presentert kulturkalenderen på ulike måtar. Arrangementa blir også presenterte på nettsidene, under Kva skjer?-fanen. Mange foretrekker desse oversiktane, som også vil markera endringar og nye arrangement etter kvart som dei kjem inn. Difor vil også desse bli presenterte på nettsidene framover.

I dette oppsettet har eg gått ut i frå at gymsalen ikkje lenger er arena for kulturarrangement etter 1. oktober, sjølv om det i ein overgangsperiode av ulike grunnar kan oppstå endringar.

- redaktøren -

August

09. Visekonsert i Auditoriet kl. 20:00 m/Torolf og Oskar Nordbø. Humorshow m/Han Innante - sjå s. 5
12. Kino i Auditoriet
21. Gudsteneste kl. 11:00
25. Bokn pensjonistforening, Allrommet Boknatun kl. 17:30
26. Kino i Auditoriet
30. Møte i Rådet for eldre og funksjonshemma
30. Formannskapsmøte
31. Forvaltningsstyremøte

September

04. Gudsteneste med konfirmantar og 50 års konfirman tar kl. 11:00
04. Bingo på skulen kl. 16:00
04. Bokn bedehus: Misjonsfest NMS kl. 19:00
05. Bokn bedehus: Bibellesing kl. 18:00
09. Kino i Auditoriet
13. Kommunestyremøte
18. Gudsteneste kl. 11:00
19. Bokn bedehus: Bibellesing kl. 18:00
23. Kino i Auditoriet
23. Bokn bedehus: Bedehusbasar kl. 19:00
23. -
25. Bokn skulekorps til Karmøy brassfestival
27. Formannskapsmøte
28. Forvaltningsstyremøte
29. Bokn pensjonistforening saman med Tysvær pensjonistlag på Tysvær soknehus kl. 16:00

Oktober

01. Opning av Bokn Arena kl. 12:00 - 02:00
02. Gudsteneste, hausifikafest med 2. klasse kl. 15:00
03. Bokn bedehus: Bibellesing kl. 18:00
05. Bokn bedehus: Basar Indre Sjømannsmisjon kl. 19:00
07. Kino i Auditoriet
09. Bingo i Bokn Arena kl. 19:00
Veke 41 Haustferie, Bokn skule
12. Bokn bedehus: Kontaktmøte kl. 19:00
16. Gudsteneste kl. 11:00

17. Bokn bedehus: Bibellesing kl. 18:00
21. Kino i Auditoriet
23. Bokn bedehus: Møte ABR-senteret kl. 19:00
25. Møte i Rådet for eldre og funksjonshemma
25. Formannskapsmøte
26. Forvaltningsstyremøte
27. Bokn pensjonistforening, eldrefest på Allrommet Boknatun kl. 17:30
29. Auksjon i Bokn Arena kl. 11:00
31. Bokn bedehus: Bibellesing kl. 18:00

November

04. Kino i Auditoriet
04. Bokn bedehus: Kultukveld kl. 19:00
06. Gudsteneste, allehelgenssundag kl. 11:00
06. Julemesse i Bokn Arena kl. 11:00 - 16:00
08. Kommunestyremøte
13. Gudsteneste kl. 15:00
13. Bingo i Bokn Arena kl. 16:00
14. Bokn bedehus: Bibellesing kl. 18:00
18. Kino i Auditoriet
20. Bokn bedehus: Møte NMS kl. 19:00
24. Bokn pensjonistforening, førjulskos i Allrommet Boknatun kl. 17:30
27. Gudsteneste, lysmesse med speiderane kl. 18:00
28. Bokn bedehus: Bibellesing kl. 18:00
29. Møte i Rådet for eldre og funksjonshemma
29. Formannskapsmøte
30. Forvaltningsstyremøte

Desember

02. Kino i Auditoriet
04. Bokn bedehus: Møte Normisjon kl. 19:00
11. Gudsteneste kl. 14:00
11. Luciafest i Bokn Arena kl. 18:00
13. Kommunestyremøte
16. Kino i Auditoriet
24. Gudsteneste kl. 14:00
25. Gudsteneste i Tysvær, felles Tysvær og Bokn kl. 11:00
31. Gudsteneste kl. 16:00

Formannskapsmøte 23.05.2016, sak 049/16

Kjøp av eideommen gnr. 25 bnr. 1 - fullmakt til rådmannen.

Formannskapet vedtok: det blei gitt fullmakt til rådmann til kjøp av bestemt eideom innanfor ei kostnadramme.

Formannskapsmøte 23.05.2016, sak 050/16

Vedlikehaldsplan og parkeringsplass for museum.

Formannskapet vedtok: Formannskapet vedtek å løyve kr 20.000 til forefallent arbeid og kr 40.000,- til parkeringsplass utenfor museumet.

Formannskapsmøte 07.06.2016, sak 052/16

Justering av betalingssatser på Bokn legekontor.

Formannskapet vedtok: Det vart godkjent at Bokn legekontor sine betalingssatsar vert justert frå 1.juli 2016 til:

Førarkortattest	350 kr
Skoleattest	200 kr
Offshoreattest/Sjømannsattest	
1600kr 50% for studentar	
TT-kort/parkeringskort	200 kr
Andre attestar, for eksempel dykkarattest, fosterheimsattest, adopsjonsattest etc	
Etter medgått tid basert på normaltariffen sine anbefalingar. (Rikstrygdeverket/Legeforeningen)	
Ekspedisjonsgebyr og fakturagebyr	59 kr

Satsane vart samråystes vedtatt.

Formannskapsmøte 07.06.2016, sak 056/16

KS sitt hedersmerke.

Formannskapet vedtok:

Å søka KS om å få tildelt KS sitt hedersmerke til navngitt politikar.



Forvalningsstyremøte 08.06.2016, sak 019/16

Reguleringsplan for Vågaheia - endeleg godkjenning.

Forvalningsstyret vedtok: det blei vedtatt mot 2 røyster frå SP å trekke saka frå sakskartet.

Forvalningsstyremøte 08.06.2016, sak 020/16

Gnr. 9 bnr. 161 - Bokn Eiendom AS - 4.manns bustad – dispensasjon.

Forvalningsstyret vedtok:

1. I medhald av § 19-2 i plan- og bygningslova, dispenserer forvalningsstyret frå § 1 i reguleringsføresegnsene og frå avstandskravet i § 29-4 i plan- og bygningslova for oppføring av 4.mannsbustad slik det er søkt om.
Det er lagt vekt på at det det frå før er dispensert frå føresegnsene for oppføring av fleire tomanns- og firemannsbustader i same området, og at løysinga med trappefrei tilkomst til 2. høgda er ei god universell utforming.

2. Dersom det ikkje kjem klage på dispensasjonsvedtaket innan klagefristen, kan endeleg byggeløyve gjevast administrativt på delegert fullmakt.

Forvalningsstyremøte 08.06.2016, sak 021/16

Sommarfullmakt forvaltnig 2016.

Forvalningsstyret vedtok:

Det blei mot 1 røyst vedteke å ikkje gje rådmannen fullmakt til å avgjere saker etter jord- og konsesjonslova samt plan og bygningslova for sommaren 2016.

Kommunestyremøte 19.04.16, sak 023/16

Busetting av flyktingar.

Kommunestyret sitt vedtak: Forslag frå Høgre:

1. Bokn kommunestyre vedtar at Bokn kommune kan ta imot flykninger , begrenset til en familie mellom 4 - 6 personer med to voksne og barn.

2. Integrerings tilskuddet forutsettes å dekke nødvendige utgifter som f.eks Møbler leilighet Livsopp hold første måned, husleie første måned, strøm, reisepenger, klær, evt. barnevogn/annet utstyr, legebesøk, tannbehandling, tolk, optiker, flyktingkonsulent, introlønn , økonomisk

sosialhjelp og etc.

3. Stillingshjemmel som flyktningkonsulent etableres med opp til 50 % stilling i en opp til 3 års periode, stillingen skal fortrinnsvis opprettes innenfor dagens stillingshjemmel i kommunen.

4. Det vert sett ned en gruppe bestående av en politiker, NAV og administrasjon, med det formål å utarbeide en inkluderingsplan for flyktingene. Denne skal inneholde konkrete inkluderingsstiltak og konkret forslag til bosted.

5. Alle kostnader forutsettes dekket av tilskudd og skal føres i egen post på budsjettet uten kommunalt avsatte midler.

Forslaget blei vedtatt med 11 mot 5 røyster,(1 KRF, 1 SP og 3 AP)

Kommunestyremøte 19.04.16, sak 024/16

Oppnemning av nestleiar og varamedlem - Rådet for eldre og funksjonshemma.

Kommunestyret sitt vedtak:

1. Kommunestyret oppnemner Christine Berge Christiansen til nestleiar i Rådet for eldre og funksjonshemma.

2. Kommunestyret oppnemner Helga Alvestad til varamedlem i Rådet for eldre og funksjonshemma.

Kommunestyremøte 19.04.16, sak 025/16

Refinansiering av fleirbruksallen i Bokn kommune.

Kommunestyret sitt vedtak med 13 mot 3 røyster (AP):

Bokn kommunestyre har gjennom tidlegare vedtak om bruk av fond til investeringar og drift i all hovudsak brukt opp kommunens fond. Sist ved bruk av Kr. 8.000.000,- til finansiering av fleirbruksallen.

Kommunestyret ser det som uheldig at det økonomiske handlingsrommet som fylgje av dette er blitt sterkt redusert.

Kommunestyret meiner det er viktig at kommunen også i framtida har disponibele fond av ein viss størrelse, og vedtar difor at finansiering av fleirbruksallen ikkje skal skje gjennom bruk av fond, men i sin helhet finansieres gjennom lånepoptak.



Kommunestyremøte 19.04.16, sak 026/16

Etablering av tomteselskap i Bokn kommune.

Kommunestyret sitt vedtak: Formannskapet sitt forslag til vedtak vart vedtatt med 12 mot 3 stemmer (AP) som følgjande.

1. Kommunestyret gir rådmannen fullmakt til formelt å etablere Bokn Tomteselskap AS. Tomteselskapet skal ha aksjonærar frå det offentlege i tillegg til private aktørar/næringsliv som har interesse innan bustadbygging og næringsutvikling.

2. Bokn kommune går inn i det nye selskapet med ein aksjekapital på kr. 1 000 000,- som minimum skal utgjere 33 % og maksimalt 49 % av den samla aksjekapitalen i selskapet. Kommunen sine utgiftene vert dekkja gjennom bruk av disposisjonsfond.

3. Kommunen sin representant i styret vert

4. Vedtekter, finansiering og stiftingsdokument for det nye selskapet skal godkjennast av kommunestyret før selskapet er formelt etablert.

Kommunestyremøte 21.06.16, sak 029/16

Val av lagrettemedlemmer,meddommere og skjønnsmenn for perioden 01.01.2017 - 31.12.2020.

Kommunestyret sitt vedtak: kommunestyre valde lagrettemedlem, meddommarar og skjønnsmenn for perioden 01.01.2017 – 31.01.2020.

Kommunestyremøte 21.06.16, sak 030/16

Opprettning av styre for Bokn Bygdemuseum.

Kommunestyret sitt vedtak:

1. DESSE BLIR VALT SOM STYRE FOR BOKN BYGDEMUSEUM:

Ottar Borgenvik (leiar)

Eivind Øvrebø

Magnar Are

Linda Ognøy

Anne Lise Nilsen

Vararepr.:

Kari Christensen

Lars Ove Vatnaland

2. Formannskapet løyver kr. 24.000 til vedlikehald av museumet, friske midlar til Bokn som følge av revidert statsbudsjett.

Kommunestyremøte 21.06.16, sak 031/16

Regionalplan for areal og transport - uttale frå Bokn.

Kommunestyret sitt vedtak: saka gjekk ut.

Kommunestyremøte 21.06.16, sak 032/16

Nasjonal transportplan (NTP) 2018 - 2029 - HØRING.

Kommunestyret sitt vedtak:

1. Formannskapet anbefaler at Rogaland fylkeskommune prioriterer følgendevegprosjekt i sin uttalelse til Nasjonal transportplan 2018-2029:

- E39 Bokn-Aksdal (korridor 4)
- E39 Aksdal-Våg (korridor 4)
- E39 Våg-Heiane (korridor 4)
- E134 Haugalandspakken (korridor 5)
- E134 Røldal-Seljestad (korridor 5)
- E134 Vågsli-Røldal (korridor 5)

2. Formannskapet anbefaler at Rogaland fylkeskommune også prioriterer den videre framdrift og oppfølging av prosjektene omtalt i KVU 134-Haugesund i sin uttalelse til Nasjonal transportplan 2018-2029

3. Formannskapet anbefaler at Rogaland fylkeskommune gir vegprosjektet «E134 Arm til Husøy» høy prioritet i sin uttalelse til Nasjonal transportplan 2018-2029.

Kommunestyremøte 21.06.16, sak 033/16

Bompengeinkrekning - Haugalandspakken.

Kommunestyret sitt vedtak:

Bokn kommune sluttar seg til dei føreslårte endringar i takst- og rabattsistemet for Haugalandspakken slik at den reduserte prosjektporfefoljen, med kostnadsramme for gjenståande prosjekt på 4, 4 mrd. kroner, kan finansierast innanfor gjeldande innrekningssperiode med bompengetakst på kr. 22,- for takstgruppe 1 og kr. 44,- for takstgruppe 2.

Kommunestyremøte 21.06.16, sak 034/16

Sak om søknad om bevilling til salg av alkoholholdig vare med mindre enn 4,76 volumprosent alkohol.

Kommunestyret sitt vedtak med 1 røyst mot(KrF):

sitt I medhald av alkohollova §§1-4 a,1-4b, 1-6, 1-7, 1-7a, 1-7b, 1-7c, 3-1 andre ledd og 3-7, får Coop Marknad Bokn salsløyve for alkoholholdig drikk under 4,76 prosentvolum alkohol frå 01.07.16 - 30.09.20.

Styrar for løyvet er Lars Hetland med Helga Foss som stedfortredar. Bokn kommune sine vedtekne salstider skal fylgjast.

Gebyr på sal av alkoholholdig drikk skal fylgja dei satsane som er bestemt i forskrift til alkohollova.

Det vert forutsett at politiet ikkje har noko å utsetja på salsløyvet.

Kommunestyremøte 21.06.16, sak 035/16

Budsjettkontroll 1 kvartal 2016.

Kommunestyret sitt vedtak:

Budsjettkontrollen vart teke til etterretning.

Kommunestyremøte 21.06.16, sak 036/16

Rekneskap 2015.

Kommunestyret sitt vedtak:

Rekneskapet vert godkjent.

Det rekneskapsmessige mindreforbruket på kr. 152.445,- vert sett av til disposisjonsfondet.

Kommunestyremøte 21.06.16, sak 037/16

Årsmelding 2015.

Kommunestyret sitt vedtak: Rådmannen si årsmelding for 2015 vert tatt til etterretning.

Kommunestyremøte 21.06.16, sak 038/16

Kjøp av brannbil - omdisponering av budsjetterte midler.

Kommunestyret sitt vedtak:

Kommunestyret godkjenner omdisponering av investeringsmidler sett av til brannbil, for kjøp av fremskutt enhet og nytt redningsverktøy.

Framhald i neste blad.



Hognåsen

Ida Havikbotn




Dei to vanlegaste toppane på Bokn er Boknafjellet og Vardafjellet. Men kommunen har fleire fine turløyper, og det er absolutt verdt å besøke Hognåsen.



Fjelltoppen Hognåsen.

Du parkerer ved Are friluftsområde og løypa til Hognåsen er godt merka. Turen er rekna å ta om lag ein og ein halv time i følgje Telltur.no, men er du rask kan den gjennomførast på ein. Løypa er 2 km lang og på det høgaste punktet kjem du 125 moh.

Dersom været er på di side vil du truleg få ein svært fin tur. I starten er terrenget variert og nokså tørt i tillegg til at du på ein strekning vil gå på store steinar langs sjøen.



Langs sjøen på veg til fjellet.

Om lag halvegs i løypa vil du ikkje angre på at du ikkje tok på deg dei finaste skoa dine. Det er vått i graset oppover mot sjølvet fjellet, og stigninga oppover er heller ikkje tørr. Dette er det hardaste partiet, men også det flottaste.

På toppen har du utsikt over store delar av Bokn. Du kan sjå Loten, Boknafjellet, Austre Bokn, Are og ferjekaien, Kvitsøy og Karmøy. Absolutt verdt å sjå! I byrjinga vil du truleg



Eit esel i begynnelsen av løypa.

også møte på litt sauer, eit par esel og ein ponni.

Har du ikkje tatt turen til Hognåsen enda, har du gått glipp av ein fin tur!

Det kjem sannsynlegvis turbok i postkassen på toppen frå januar 2017.



Parkeringsplass på Are friluftsområde.



Utsikta på veg opp fjellet.



+

Nøkkelferdig
bolig til
kr 2.680.000

Drømmer du
om nytt hus?

Nå er det gunstig å bygge nytt hus! Vi i VestlandsHus bygger boliger som har blitt testet i vest siden 1974. Den første som kjøper bolig hos oss får hagestue med i kjøpet. Bestill en solid bolig til en god pris i dag. Ta kontakt med oss for mer informasjon om hvorfor det er spesielt gunstig å kjøpe bolig i dag.

Mæland Bygg
www.vestlandshus-maeland.no
jmm@maeland-bygg.no
telefon 90 56 52 45



VESTLANDS HUS
- endelig hjemme



Sommerstengt på NAV

**NAV Bokn held stengt vake 30,
25 juli - 29 juli 2016.**

Ved henvendelser om nødhjelp
i denne perioden ta kontakt
med Servicetorget.

*Bengt Krystad
Leder NAV Bokn*

MÆLAND BYGG
NYBYGG & REHABILITERING

BOKN BYGG

VESTLANDS HUS

Byggmester-papirer med sentralgodkjent ansvarsrett.

Utfører:

Alt innen nybygg og rehabilitering. Totalentreprenør.
Tegneoppdrag, beregninger og byggesøknader.
Kontorer, trelast og varehandel på Bokn Bygg.
Leverandør av VestlandsHus, hytter og garasjer.

Ta kontakt for en hyggelig og uforpliktende prat.

Jan Magne Mæland 90565245

Tor Henning Mæland 95221191

Mail: jmm@maeland-bygg.no



BOKN SPAREBANK
SERIE AV BIRGER LINDANGER

Del IV

Kroken på døra - Tid for å minnast

Tusenårrskiftet

Då tidspunktet for tusenårrskiftet nærma seg, hadde SR-bank mange bekymringar. Eit par av dei var knytt til data teknologien: Kva ville skje når dateringa gjekk frå 1999 til 2000, til eit nytt tusenår. Var det slik at alt som ikkje var spesialsikra, ville forsvinna? Uansett representerte tusenårrskiftet at ein i heile systemet laut endra dateringa frå 1900-tal til 2000-tal, ei utfordring i seg sjølv. Attåt dette, ga Bjørg Bokneberg seg som avdelingsleiar i Bokn frå tusenårrskiftet.

Av desse grunnane laut SR-bank lysa ut ein stilling til ein person som både sat med data kompetanse og som kunne ta over som avdelingsleiar. Den som då baud seg fram, var Olav Rossebø. For det fyrste hadde han data kompetanse. Vidare kjende han boknarane godt både ved at han budde i Føresvik og ved at han ein periode hadde vore tilsett ved skulen her. Endeleg var han tilsett i forsikringsselskapet Vesta som også innebar at han hadde ein del av den kompetansen som trongst.

Olav svara på avisannonsen og blei frå 19. desember 1999 tilsett som ny avdelingsleiar ved SR-Bank sitt avdelingskontor i Bokn. Ei hovudoppgåve for han, var straks å ta fatt på dei nemnde datautfordringane. Det kravde ein del innsats, men viste seg å gå greitt.

Nettbanken tek over

Den største utfordringa for banken i Bokn, var likevel den aukande overgangen til kort og kortterminaler. På Handelslaget, i Arskroen og over alt elles dukka det opp betalingstermina-



Kassen i banken blei tatt i bruk 2. juli 2007.

lar for bankkort. Til dette kom at bruken av nettbank greip om seg. Ikkje bare førte dette til eit minkande behov for kontantar og etter kvart avvikling av kontanthandtering i banken. Ein ynskte også i minst mogeleg grad at folk møtte opp i banken. Tenestene i banken blei difor prisa ganske høgt i forhold til dei ein kunne nå via internett. I staden blei kundane viste til Coop Bokn for pengeuttak. Resultatet var at folk i aukande grad vende seg av med å besøka banken. Frå 1. januar 2007 blei elles handelslaget i Bokn innlemma i Coop Haugaland. Denne butikken erstatta frå 2011 banken helt når det galdt kontantuttak.

94% marknadsandel

Noko anna som svekka avdelingskontoret i Bokn kraftig, var at det i 2001 mista heile bedriftsportefølgjen til den sentraliserte bedriftsavdelinga i Hau gesund. Noko anna som svekka grunnlaget til banken i Bokn, var at

det var etter måten lite sal av bankprodukt frå kontoret her. Generelt i SR-Bank blei dette sett på som ei hovudoppgåve. Utfordringa for kontoret i Bokn var bare at SR-bank hadde 90% marknadsandel i kommune. Og ikkje bare det, andelen auka til heile 94% i 2010. Snautt nokon annan stad var han større! Til dette kom at banken her hadde ein særslig høg produktdekking per kunde. I Bokn var det difor lite rom for nysal av bankprodukt ut over det som var etisk forsvarleg. Når det då sentralt nettopp var ei hovudsak å driva sal av bankprodukt, blei det sett på som negativt at nysalet i Bokn stoppa opp. Det førde til murring sentralt i SR-bank om avdelingskontoret i Bokn eigentleg var liv laga.

Olav Rossebø blei ikkje gammal i Bokn-kontoret. Sommaren 2001 blei banksjefstillinga i Aksdal ledig, den banken som avdelingskontoret i Bokn sorterte under. Olav Rossebø følte seg freista,



Fv. banksjef i Tysvær/Bokn, Svein Dalva, rådmann Jan Erik Nygaard og finansiell rådgjevar May Jorunn Vatnaland framfor inngangen til Bokn kommune, Sparebank1 SR-Bank og NAV Bokn.

kontantbehandling førde til at opningstida burde innskrenkast. Frå måndag 16.mai 2011 blei opningstida for kassen avgrensa til tri dagar i veka: To timer på måndag og onsdag og tri timer på fredag. Samstundes var det råd å avtala tid med finansrådgjevaren, May Jorunn Vatnaland, helst då etter klokka 14,00. Den generelle opningstida som inkluderte

søkte og fekk stillinga. Med det kom han i ein overordna stilling til kontoret i Bokn som han elles hadde eit nært kjennskap til. I staden rykka Ann Jeanette Sunde Olaussen inn som ny avdelingsleiar i Bokn.

SR-Bank Bokn blir oppretta att

Med grunngjeving om at Bokn som eigen kommune også trøng ein eigen bank, virka dei to for at Bokn skulle bli oppretta som eigen bank att. I dette arbeidet fekk dei framgang. Frå 2002 blei SR-bank Bokn oppretta att og med Ann Jeanette som banksjef. Dette innebar at Bokn ikkje lenger var avdelingskontor under Tysvær, men blei ein sjølvstendig bank i SR-systemet på line med Aksdal og Avaldsnes og altså med eigen banksjef. Olav sat elles som banksjef i Aksdal fram til i 2004 då han skifta stilling til finansrådgjevar mellom anna i Ølen og Karmsund.

Trass i at Bokn på ny formelt blei eigen bank, arta framtida seg meir utrygg enn nokon gong. Ved inngangen av 2007 var det tale om å innskren-

ka opningstida til to dagar i veka. Kring om blei tilsvarende bankkontor lagde ned, mellom anna i Nedstrand der dei fekk bank i butikk. Utsiktene var såpass utrygge at Ann Jeanette i mai 2007 søkte seg over i jobb på Bokn Plast.

Nedtrapping

Banken i Bokn opplevde frå nå av ei gradvis nedtrapping, men samarbeidet og bufellesskapet med Bokn kommune forlenga levetida. Såleis forhandla SR-Bank fram ei avtale med Bokn kommune og NAV Bokn trygd som innebar at dei frå 20. august 2007 fekk til ei samdrift som gjorde banken tilgjengeleg for publikum kvar kvardag via felles drift av kommunen sitt servicetorg. Samstundes blei boknabanken sin formelle status på ny redusert frå eigen bank til avdelingskontor. May Jorunn Vatnaland fekk oppgåva som ny avdelingsleiar, nå mest med finansrettling som oppgåve.

Slik gjekk det i drygt tri år til ein på vårparten kom til at mindre kasse/

finansrådgjeving, var måndag til tysdag mellom klokka 11 og 15, altså fire timer kvar dag.



Kroken på døra

I media blei dette omtala som framsteg, men i realiteten var det eit nytt steg mot slutten. Våren 2011 var tida inne for ei omfattande rasering av banktilbodet kring i distrikta. Nettbank og mobilbank hadde drege grunnen bort under desse kontora, og den 3. april 2017 vedtok representantskapet i SR-Bank å leggja ned banken sine kontor i Sauda, Kvitsøy og Forsand i tillegg til Bokn. Ved åtte andre kontor i fylket blei opningstida redusert. Frå 1. juli 2014 var det så kroken på døra for godt for banken i Bokn. Etter 101 års teneste for bygda var det slutt!

KFL bil og utleie

Utleige av stillas
Utvendig lakkrens av bil
Innwendig reingjering fra
Skinnpieleie
Desinfisering av klimaanl.

frå 500 kr. pr.v.
frå 2.500 kr.
500 kr.
frå 500 kr.
500 kr.

Utleige av minigravar 2500 kg

Pris døgn
Pris vake
Pris pusseskuffe
3.500 hengar, døgn

1.000 kr. + mva
5.000 kr. + mva
150 kr. + mva
400 kr. + mva

Nytt!

Smøreoljer til alle formål.
T.d: 2 taktsolje, motorolje,
hydraulikkolje,
sagkjedeloje osb.

Kjell Frode 907 83 797
John Magne 909 24 964
@: kjellfrode75@hotmail.com



Bokn hjelper Ukraina

Du finn oss på hjørnet til Coop
Marked Bokn.



Opningstider blir varslet med oppslag på døra og på Facebook-sida vår.

Helsing

Elisabet & Annette
469 59 513 - 913 28 258



PÅMELDING TIL BOKN MUSIKK- OG
KULTURSKULE, SKULEÅRET 2016/2017

Elektronisk påmeldingsskjema på
nettsidene til kommunen.

HUGS!

Søknadsfrist: 15. AUG. 2016



NAV BOKN

Kontortid kl. 9.00 – 14.30
Telefontid kl. 8.00 – 15.30

Kundesenteret: tlf. 55 55 33 33

Bengt Krystad - leiar



- Salg og leveranse av singel og veigrus
- Skaffer også andre steinprodukter ved forespørsel
- Opplasting og bortkjøring av løsmasser

Telefon: 94 98 63 64


Bokn & Tysvær

Kjell Frode Lie
907 83 797
John Magne Lie
909 24 964

begravelsesbyrå

Trovåg
Elektro

Gammelt sikringskap?



KONTAKT OSS:
52 77 63 39
post@trovag.no



Info frå legekontoret

SOMMAREN 2016

Pga avvikling av permisjon og ferie vil legekontoret på Bokn vere stengt frå 30. mai til og med 31. juli.

For perioden 30. mai til og med 3. juli vil det vere Hegren Legesenter og dr Egenberg som er vår vikar. Du får kontakt på tlf 52 75 88 00. Adresse er Aksdalsvegen 135, Aksdal.

For perioden 4. juli til og med 31 juli er det Frakkagjerd Legesenter og dr Al-Hassan som er vår vikar. Du får konta <http://>

www.bygdabladet.no/kt på tlf 52 75 50 60. Adresse er Frakkagjerdvegen 90, Førresfjorden.

Frå 1. august vil Bokn legekontor vere i normal drift igjen.

Ved alle akutte henvendingar bruker du legevakttelefonen 116 117.

Står det om liv ringer du medisinsk nødnummer 113.

Tannlege Ingjerd Hope Myklebust har skiftet arbeidssted til Aksdal tannklinikk i Aksdal senter, 2. etasje ved Jernia. Velkommen til gamle og nye pasienter!

Telefon 52 77 57 00



TANNLEGE
Ingjerd H. Myklebust

TANNLEGE
Camilla K. Mæland



Opningstider på Bokn Bygdemuseum, sommaren 2016

Kvar sundag i tidsrommet frå 26. juni t.o.m. 07. august kl. 13.00 - 16.00.

Det er folk frå styret i Bokn historielag som vil vera til stades i opningstidene.

Velkommen!

Bokn
historielag
Bokn
kommune



Frisørrommet på Boknatun
- i sentrum av Bokn -

Åpningstider:
tirsdag-fredag
kl. 09-16

GOLDWELL
CLOSER TO STYLISTS. CLOSER TO HAIR.

Ferie
Uke 27 - 28 - 29

Ha en
strålende
sommer!

Hilsen fra
Anita

99 32 55 34
52 74 85 34

GOLDWELL
CLOSER TO STYLISTS. CLOSER TO HAIR.

Prøv ein annonse i Bokn Bygdablad

BOKN LEGEKONTOR

Opningstid tysdag, onsdag og fredag 08 – 15.

Telefontider 08-11 og 13-14.


Telefon 52 75 25 40.

Timebestilling også på nett / SMS – sjå bokn.kommune.no for meir info.

Ved livstruande tilstand, ring 113.

Dersom du er utanfor kommunen, men treng å komme i kontakt med Bokn legevakt (f.eks som pårørende), ringer du 52 74 85 22.

Jan Schille - lege



**46442920
52748647**

SVENNEBREV

Velkommen til Hårsmia!

Åpent alle hverdager inkludert lørdager etter avtale.

Fredag 1. juli er siste arbeidsdag før sommerferien, er tilbake mandag 15. august.



Ønsker alle
mine kjære
gode Hårsmia-
kunder en
riktig god
sommer.
Mvh. Mona



A wide-angle photograph of a coastal landscape at dusk or dawn. The foreground is a grassy hillside overlooking a dark blue fjord. In the middle ground, a large cluster of small, dark islands is scattered across the water. The background shows a range of hills or mountains under a sky transitioning from deep blue to warm orange and yellow near the horizon.

A-Blad

Returadresse:
BOKN KOMMUNE
5561 BOKN

Foto: Ida Havikbotn